

Her i fylket hadde vi i lang tid hatt Jæren Smalelag og eit fast etablert opplegg med sauesjå, og kring desse var det interessegrupperingar for rygjasau, dalasau, spælsau osv. Sauebønder i Rogaland såg til dels på det nyskipa landslaget med litt reservasjon. Trønderen Fritz Loyt Johnsen og vossingen Ivar Finne, begge busette ved Oslo, var litt fjernt frå sauehaldsmiljøet hjå oss. I tillegg førte generalsekretæren ein ganske kraftig ordbruk mot Noregs Kjøtt- og Fleskesentral med klar adresse til dei om at sentralen måtte vera meir raus med å gje pengar til

landslaget. Med utgangspunkt i Landbruksselskapet fall det likevel ikkje vanskeleg å samla ein del interesserte sauefolk til skipingsmøter rundt om i fylket. Og når vel akta folk som statskonsulent Sigurd Bell, Jesper K. Ravndal og Alf Ravndal med fleire la inn eit godt ord for desse nye laga, kom vi ikkje tomhendte heim frå desse møta. Med innsats frå stadig fleire, kom vi så langt at Norsk Sau- og Geitalslag hadde årsmøte i Totalen i Stavanger eitt av dei åra eg var med i dette arbeidet.

## Historia om Time Sau- og Geitalslag

*Ved Torbjørn Hertel - Aas.*

Norsk Sau- og Geitalslag blei stifta i 1947, og i dei næraste åra kom det ei rad lokallag m.a. her på Jæren. Timebuane starta i 1949, og alt i 1950 var laget det største i Rogaland med sine 196 medlemmer. Det var om lag 20% av medlemsmassen i Rogaland og mest dobbelt så mange medlemmer som i det nest største laget.

Det må ha vore gode organisasjonsfolk som tok fatt i Time den gongen. Posisjonen som det største laget heldt Timebuane heilt til i 1990.

“Norsk Sau- og Geitalslag har sett seg som oppgåve å gjennomføra samarbeid i produksjon og omsetnaden av kjøtt, ull, skinn og geitost. Vidare skal laget få omsetnaden av ull inn i meir tidhøvelege former og få folk til å bruka meir av norsk ull. Laget skal sørgja for at dei naturlege vilkåra for sau- og geitalet i landet vert best mogleg nytta - - og arbeida for ei planfast al bygd på rasar som høver i dei einskilde landslutane.” Dette var med Jone Vadla sine ord, målsettinga for Norsk Sau- og Geitalslag. Trass i ei slik samlande målsetting, kom det til kvass strid i Nsg. Det vart brot mellom dei stridande partane i 1966. Då gjekk Time Sau- og Geitalslag inn i småfelaget, og var der til midt på 1970-talet. Der arbeidde laget vidare med mange viktige saker.


Når det gjeld ullhandtering og -omsetnad, var Timebuen Odd Schibeavaag tidleg med i fyrste rekke. Av styreprotokollen i Time Sau- og Geitalslag frå 1960-åra og frametter, går det fram at laget dreiv ein eigen lammasentral, organiserte køyring av ull til mottakssentralen og hadde inntekter av det. Laget

hadde og ansvaret for kontroll av utstillingsverene. Dei gjekk inn for avkomstgransking av verar i 1965, kjøpte inn avmakkingspistoler til bruk for medlemmane alt i 1964 og kontrollvekt i 1968. Frå slutten av 1960-åra fekk medlemmane stadig påminningar om å verta med i saue-kontrollen, som hadde nokså låg tilslutnad i Rogaland. Desse oppmodingane har ein halde fram med. Laget arrangerte og lammakårningar og har halde fram med kåringsdagar. Ein fekk og ein eigen veraring frå 1978. Det fyrste kårings sjået kom i 1979. Då hadde ein hatt ein veraring tidlegare i nokre år, men den gjekk inn.



*Sauen og særleg alsarbeidet er ein miljøskapande faktor, og ein god ver har høg status, det syner dette biletet. Denne veren var ein av dei mange gode som kom frå Mauland. Ståande f.v.: Agnes Mauland, Karl og Trygve Tunheim. Sittande f.v.: Maria Mauland, Torkel Gausland, Olaus Mauland, Janna Gausland, Severine og Guri Tunheim og Ola Mauland.*

Foto: Simon Mossige 1942.



Høgindeksveren Molen 8641029, fødd hjå Ola Mellemstrand som har tilført saueflokkane i Time og elles i fylket mykje godt. Truleg den veren som har mest avkom etter seg. Han er brukt i 10 år. Her er han 9 år gamal. Foto: Ingvar Risa 1995.

Alt i 1980 var laget positivt til inseminering av sau. Dette syner at laget var oppteke av alle sider av alsarbeidet, noko det og har vore sidan.

Frå 1975 dreiv laget vidaresal av netting og gjerdemateriell til medlemmane. I 1977 starta dei ein studiering under mottoet "Sauehald med framtid". Seinare har det vore studieringar der ein har gått gjennom framlegg til jordbruksavtale og kome med uttalelser til framlegget.

Time har i alle år vore ein kommune med stor grad av heiaføring av sau. Dette har nedfelt seg i handsaming av saker som assurance av sau på heibeite, beitepoliti (tjuvslakting), jervepremie (1966), frakttilskot til sau på heibeite og diskusjon om heibeite i høve til heimebeite. I 1997 hadde 85 av 204 medlemmar all smalen sin på heimebeite om sommaren. Resten deltok i heiaføring med større eller mindre deler av smalen sin. Gjøterhund-kurs kom etter kvart med på programmet. Også sauesjukdommer

har stått i fokus, avmakkingspistol er nemnd. I eit par høve har ein støtta forskning om alveld. Ein har laga metodar for bekjemping av makk og snyltarar, og ein har vore særst aktivt med på tiltak for å bekjempe mædi og skrapesjuka. I sju år var Time isolert i alsarbeidet på grunn av mædi. I 1990-åra byrja ein med ultralydmålingar.

Dei seinare åra har styret i laget uttala seg om jordbruksforhandlingane. Ein har og engasjert seg i rovdyrproblema og mellom anna gått inn for jakt på gaupe. Laget har også kravd inn ekstrakontingent til revapremie.

Saua-miljøet har truleg alltid vore meir sosialt enn andre husdyrmiljø. Laget har i høg grad makta å kombinera det faglege med det sosiale. Fagmøta har alltid vore godt besøkte, det same gjeld årsmøta (50% oppmøte). Ein har i mange år arrangert sommarturar der ein har lagt vekt på fag og samvær. Kåringdagane høyrer og med i dette biletet.

Sauveigar	Lamsauer																
	Tal sauer	Medelvekt pr. sau				Ull			Lammeavdrått								
		Ved innsertingsom hausten Kg.	Ved utseppinga om våren Kg.	Kring 1. okt. Kg.	Vekttauke frå vår til haust Kg.	Vårull Kg.	Haustull Kg.	Årsull Kg.	Lammetail		Levandevekt pr. lam			Lammevekt om hausten			
									Om våren (lev.fødde) Tal	Om hausten Tal	Kring 1. juni Kg.	Kring 1. okt. Kg.	Vekttauke 1/6-1/10 Kg.	Pr. vinter- føra lamsau Kg.	Pr. mor-sau Kg.	Pr. 100 kg. morsau Kg.	
1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	17	
Trygve Tunheim	21	62,4	55-	63,6	8,6			68,3	30	29	12,8	41,7	28,9	57,6	63,6	100-	
Odd Schibevåg	37	65-	59-	68,4	6,4			3,6	57	56	15,2	37,2	32-	56,3	61,3	95-	
Tore Mauland	31		58,3	61,4	3,1			2,9	57	57	16,7	39,3	22,6	64,7	64,7	120,9	
O. Mauland	21		66,7	68,8	2,1			3-	28	25	13,4	36,9	23,5	43,9	54,2	81,1	
M. Mauland	22		63,4	64,7	1,3			3,1	34	30	14,5	34-	19,4	46,3	56,6	91,1	
J. Hauge	15		61,4	60,3	1,1			3,2	20	16	16,3	34,6	18,3	37-	50,3	84,6	

Dette skjemaet er frå den fyrste offisielle sauekontrollen i Time tidleg i 1950-åra og syner mål og vekt på dei ulike saueflokkane.



*Time Sau- og Geitagslag legg stor vekt på sosiale aktivitetar for medlemmane. Her har laget sommartur til Njåfjellet. Foto: Marta Nedrebø.*

For å styrka miljøet og den faglege satsinga, var laget i første delen av 1980-åra med på bygginga av Time skyttarlag sitt nye anlegg gjennom dugnadsinnsats. Slik har ein fått eit flott møtelokale og fast kåringsplass på skytebaneområdet.

Alt i alt har Time Sau- og Geitagslag markert seg aktivt og med stort engasjement på alle område det er naturleg for eit slikt faglag å ta del i. Med åra har ein og vorte oppteiken av å markera seg overfor publikum. Deltaking på Jærdagen, grilling av lammekjøt på Mega og «Open gard» er tiltak som syner dette.

### *Formenn i Time Sau- og Geitagslag 1949 - 1998*

Odd Schibeavaag ..... 1949 - 1951  
Trygve Tunheim ..... 1952

Torbjørn Sikveland ..... 1953  
Ola Mauland. .... 1954 - 1956  
Torolv Søyland ..... 1957  
Per Aarrestad ..... 1958 - 1959  
Chr. Aasland ..... 1960 - 1961  
Ingvald S. Undheim ..... 1962 - 1963  
Ola Mauland. .... 1964 - 1965  
Sverre Hadland ..... 1966 - 1968  
Torleiv Søyland ..... 1969  
Peder P. Sæland ..... 1970 - 1971  
Sverre Hadland ..... 1972 - 1974  
Tønnes G. Kverneland .... 1975 - 1978  
Hermund Lende ..... 1979 - 1982  
Ordin Fjermestad ..... 1983 - 1986  
Jesper Eikeland ..... 1987 - 1988  
Bjørn Høyland ..... 1989 - 1990  
Torstein Tunheim ..... 1991 - 1993  
Jonas Fjermestad ..... 1994 - 1996  
Terje Nedrebø ..... 1997 -



*Nåverande og tidlegare formenn i laget samla på Garpestad for å markera starten på 50-årsjubileet. Meny: Smalaføde. Frå venstre: Jesper Eikeland, Ordin Fjermestad, Per N. Aarrestad, Torleiv Søyland, Hermund Lende, Torstein Tunheim, Torbjørn Hertel-Aas (intervjuar), Tønnes G. Kverneland, Jonas Fjermestad, Sverre Hadland og Terje Nedrebø. Bjørn Høyland var ikkje til stades. Foto: Marta Nedrebø 1998*